Sak 13-11/12-3

Til: Studieutvalget 30.11.2011
Frå: Administrasjonen (INTØ)

Gjennomgang av fakultetets avtaleportefølje 2011/2012.

Årleg gjennomgang av erasmusavtalene:

I brev av 25/10-2011 oppmodar Studieadministrativ avdeling til gjennomgang av erasmusavtaler som går ut i 2012, med spørsmål om ein skal ta initiativ til at desse vert fornya eller ikkje. (Frist for tilbakemelding er fredag 25. november).

I vurderinga av dette skal ein leggja vekt på avtala si faglege forankring, kvaliteten på studietilbodet og om det har vore aktivitet eller ikkje. Av Det juridiske fakultet sine no 85 erasmusavtaler er det 16 som går ut i 2012. Ein gjennomgang av aktiviteten inn/ut på desse i perioden 31.12.2008-d.d. syner at det har vore aktivitet på *alle* avtalene i løpet av ein treårsperiode. For ni av avtalene har det vore både innreisande og utreisande studentar, på fem av avtalene har det berre vore innreisande, og på to av avtalene har det berre vore utreisande.

Erasmuskode	Land	By / Universitet	Gyldig til	Inn	Ut
B LOUVAIN01	Belgium	Universite Catholique de Louvain	2012	6	1
B BRUSSEL 01	Belgium	Vrije Universiteit Brussel	2011[1]	0	6
CY NICOSIA14	Cyprus	University of Nicosia	2012	0	1
D BERLIN01	Germany	Freie Universität Berlin	2012	3	7
D GOTTING01	Germany	Georg-August-Universität Göttingen	2012	5	0
E VALENCI01	Spain	Universitat de Valencia	2012	15	7
F STRASBO48	France	Université de Strasbourg	2012	1	2
HU BUDAPES12	Hungary	Peter Pazmany Catholic University	2012	7	0
HU DEBRECE01	Hungary	University of Debrecen	2012	1	0
I TORINO01	Italy	Universitá degli Studi di Torino	2012	6	2
NL AMSTERD01	Netherlands	Universiteit Van Amsterdam	2012	4	7
NL ROTTERD01	Netherlands	Erasmus Universiteit Rotterdam	2012	1	0
PL GDANSK01	Poland	University of Gdansk	2012	5	0
UK COVENTR01	UK	University of Warwick	2012	3	3
UK GLASGOW01	UK	University of Glasgow	2012	1	7
UK LANCAST01	UK	Lancaster University	2012	2	2
				60	45

I høve til University of Glasgow, kan det bemerkast at vi truleg kan venta fleire innreisande studentar i den komande treårsperioden. I samband med at erasmuskoordinator ved School of Law ved University of Glasgow vitja fakultetet på Internasjonal dag 2011, vart det oppklara at det faktisk finst ein erasmusavtale mellom dei to juridiske fakulteta . School of Law i Glasgow hadde ikkje vore klar over dette til trass for at avtala har eksistert i ei årrekkje. Då er det ikkje rart at det ikkje har blitt rekruttert studentar til Bergen til trass for at University of Glasgow er eit av dei få britiske universiteta som faktisk sendar mange studentar ut i verda.

Det har i perioden ikkje vore grunn til å stilla spørsmål ved kvaliteten på studietilbodet ved nokon av desse 16 universiteta. Det har ikkje vore urovekkjande tilbakemeldingar frå

[1] Denne var registrert med feil utløpsdato i UiB sitt system og skulle ha vore inkludert i fjorårets gjennomgang.

studentar. Hausten 2010 var det riktig nok utfordringar knytt til University of Torino, fordi det var gjeve informasjon frå Torino om at det var mogleg å fylla eit heilt semester med emne underviste på engelsk, noko som ikkje viste seg å stemma. Når vi no er klar over at vi ikkje kan senda studentar til Torino utan at dei kan italiensk, er det ingen grunn til å tvila på kvaliteten på studietilbodet i Torino.

Konklusjon:
På bakgrunn av det har vore aktivitet på alle avtalene og at det ikkje har vore grunn til å så tvil om kvaliteten på studietilbodet, kan det tilrådast at det vert teke initiativ til å fornya *alle* dei 16 erasmusavtalene som går ut i 2012.

Oppsummering av utviklinga av avtaleporteføljen i 2010/2011:

Erasmusavtaleporteføljen gjev i dag eit tilfredstillande erasmustilbod for dei norske studentane, og fakultetet har difor ikkje gjort framstøyt for å inngå nye erasmusavtaler. Fakultetet er likevel alltid positiv til å inngå nye avtaler når det kjem førespurnader til fakultetet, fordi det framleis er underskot på innreisande studentar, samanlikna med talet på utreisande studentar. Inngåing av nye erasmusavtaler skjer under føresetnad av at det potensielle partnaruniversitetet også ser ut til å ha eit tilfredsstillande tilbod til studentar frå Det juridiske fakultet, både med omsyn til fagtilbod og praktisk tilrettelegging.

Sidan sist gjennomgang av avtaleporteføljen har fakultetet inngått seks nye erasmusavtaler:

- University of Potsdam: Førespurnad frå Potsdam på bakgrunn av deltaking på Bergen Staff Exchange Week.
- Université Lumière Lyon III: Desse er medlem av Nijmegen(Kiel)-nettverket, og på årets nettverksmøte vart det oppdaga at vi ikkje har avtale om samarbeid.
- Université d'Avignon et des Pays de Vaucluse: Mailførespurnad via Studieadministrativ avdeling.
- Cardinal Stefan Wyszynski University in Warsaw: Mailførespurnad direkte til juridisk fakultet.
- University of Lodz: Mailførespurnad frå norsk student med polsk venninne som ønskjer å studera i Bergen. På bakgrunn av dette tok vi kontakt med Lodz som stadfesta at dei var interesserte i samarbeid.
- Gent University: Desse er medlem av Rotterdam-nettverket, og vi hadde avtale med desse fram til 2006. Grunna manglande aktivitet på avtala vart ho avslutta. Frå Gent si side er det no ønskje om å prøva att og sjå om det er større interesse for denne avtala.

Følgjande bilaterale avtalar har blitt inngått eller endra:

- National Research University – Higher School of Economics, Moskva: Avtala byggjer på tidlegare kontakt mellom dette universetet og tidlegare dekan Ernst Nordtveit. Kontakten vart teken opp att og avtale vart signert i mars 2011 på bakgrunn av at tre studentar lang tid i forvegen hadde meld frå til fakultetet om at dei ønskte å utveksla til Russland studieåret 2011/2012.
- Renmin University of China, Beijing: Avtala byggjer på tidlegare samarbeid som vart initiert av professor Jan Andersson i 2006. Grunna manglande fagtilbod på engelsk vart ikkje den gamle avtala fornya då ho gjekk ut i 2008. I dag er situasjonen ein annan med omsyn til fagtilbod på engelsk.
- University of Auckland: Det har sidan 2008 eksistert avtale om at norske studentar kan delta på LLM og PG certificate programma på Auckland mot å betala skulepengar. Det har no i tillegg blitt signert ei avtale om to gratisplassar for eitt

semester som også inneber at studentar fra University of Auckland kan koma til Bergen.

- Bond University: Det har eksistert samarbeid med Bond University i ei årrekkje. Våren 2011 vart det gjennomført ei større revisjon og fornying av avtala. Dette gjekk i første rekkje ut på å oppdatera avtaleteksten i høve til dagens samarbeid, og å sikra at skulepengevilkåra for Bergensstudentar ved Bond er innanfor satsane for skulepengestønad frå Lånekassa.[2]

Det har i tillegg blitt oppklart at også jusstudentar kan utveksla gjennom den allereie eksisterande institusjonsavtala mellom Fudan University, Shanghai og Universitetet i Bergen.

Vidareutvikling og oppfølging i 2011/2012 og seinare:

Det er til ei kvar tid eksisterande avtaler som treng revisjon, nye avtaler som er under utvikling, eller idear til avtaler som må følgjast opp på lengre sikt. Medan avtalar innan erasmusprogrammet kan verta inngått "på dagen", er prosessen fram mot ferdig bilateral avtale ofte både tidkrevjande og krunglete. Pr 22.11.2011 er følgjande avtaler under revisjon eller utvikling:

- University of Aberdeen: Etter besøk på University of Aberdeen juni 2010 vart det utarbeidd avtale om deltaking på LLM-programma til Aberdeen. Avtala er signert av dekan og rektor ved UiB og oversend Aberdeen, men har framleis ikkje kome i retur frå Aberdeen i signert form. Avtala er likevel iverksett – dei første studentane reiste til Aberdeen allereie hausten 2011.
- China University of Political Science and Law, Beijing: Signert avtale (dekan og rektor ved UiB) vart overlevert under vitjing i november 2011. Fordi presidenten ved dette universitetet var på reise under vitjinga kunne ikkje avtala signerast på staden. Det vart lova at avtala skulle returnerast i signert form innan 1.1.2012 og vera klar for at dei første studentane kan utveksla hausten 2012.
- China Foreign Affairs University, Beijing: Desse ytra sterkt ønskje om samarbeid under vitjing i november 2011. Skal følgjast opp med utveksling av meir informasjon og oversending av avtaleutkast.
- Freie Universität Berlin: Det har vore e-post korrespondanse og møte (april 2011) om LLM-avtale som skal opna for at studentar frå Bergen kan delta på LLM-programmet ved Freie Universitet. Arbeidet er ikkje ferdigstilt.
- National University of Singapore: Ein representant frå NUS vitja Det juridiske fakultet i oktober 2011. Det er semje om at ein ønskjer å inngå ei avtale om studentutveksling, men grunna nært førestående dekanskifte ved NUS vil det gå noko tid før avtale kan signerast. Ein tek sikte på å kunna utveksla studentar frå hausten 2013. Spørsmål om LLM-avtale har også vore drøfta, men frå NUS si side er det ikkje interesse for å inngå avtale om LLM før vi eventuelt har ein LLM å tilby i byte.
- School of Oriental and African Studies, London: Det har vore kontakt om mogleg LLM-avtale etter at ein representant frå SOAS vitja UiB hausten 2010. Avtala er ikkje komen i hamn, men det er framleis kontakt.

[2] Bond var imøtekomande med omsyn til auka rabattar når skulepengane frå og med 2011 var komne utanfor lånekassa sitt maksbeløp for stønad for skulepengar. Ny auke frå og med 2012 fører likevel til at skulepengane igjen er utanfor lånekasseramma. Dette må følgjast opp og ein må finna ei varig løysing. Ein kan ikkje venta at Bond skal villa revidera avtala kvart år. Eit alternativ kan vera å arbeida opp mot Kunnskapsdepartementet for å forsøka å få Bond University inn på lista over universitet som utløyser tilleggstipend hos Lånekassa.

- University of Southampton: Frå Southampton si side er det ønskje om å redusera rabatten på skulepengane på LLM-programmet frå 30% til 15%. Avtala vil verta revidert og ny skulepengerabatt skal gjelda frå og med studieåret 2012/2013.
- Hamline University: Det pågår ein prosess for å fornya avtala og styrka samarbeidet for framtida. Det har vore fleire møte mellom Larry Bakken frå Hamline University og representantar frå fakultetet. Ein tek sikte på å ha ein fornya avtaletekst klar til signering under ei planlagt vitjing til Hamline University våren 2012.
- Nordplus-nettverket: Det pågår ein prosess der utvekslinga mellom dei nordiske juridiske fakulteta skal strukturerast i større grad. Tal på plassar ved dei ulike universiteta skal avtalast på nytt, og det skal bli klårare kva som er stoda for kvart einskild universitet.
- Tyrkia: Det har vore kontakt med både Koc University og Yeditepe University, begge i Istanbul. Desse ønskjer å inngå samarbeidsavtale med fakultetet. Fakultetet er avventande og vil kartleggja litt meir i høve til samarbeid med Tyrkia og kva universitet vi skal samarbeida med, før eventuelle avtaler vert inngått.
- Universität Saarlandes: Det har heilt nyleg kome spørsmål frå desse, via ein tidlegare student, om mogleg samarbeid i høve til deltaking på LLM-programmet deira. Dette sklir rett inn i Tysklands-planane til fakultetet, og vil verta følgd opp.
- Moscow State University: Avtaleutkast vart oversend etter vitjing i mars 2011. Har ikkje høyrt noko tilbake. Sjølv om det var stor interesse for samarbeid, er erfaringa frå andre fakultet ved UiB at Moscow State University er eit universitet der det er vanskeleg å faktisk få signert avtale når det kjem til stykke. Dette er likevel ikkje prekært all den tid vi har fått avtale med NRU-HSE i Moskva og desse ser ut til å ha betre rutinar for mottak av internasjonale studentar og dermed vil vera eit betre tilbod for studentane våre.
- Det har dessutan vore kontakt om erasmus-samarbeid med ei rekkje universitet utan at det har resultert i konkrete avtaler. Dette gjeld:
    - Universität Bielefeldt (deltok på Bergen Staff Exchange Week)
    - Colegio Universitario Cardenal Cisneros Madrid (mailførespurnad som ein ønskjer å følgja opp under anna vitjing til Madrid mars 2012)
    - Manchester Metropolitan University (ny medlem i Nijmegen(Kiel)-nettverket)
    - Coventry University (medlem i Nijmegen(Kiel)-nettverket).
    - Universidad de la Rioja (heilt nyleg mailførespurnad via Studieadministrativ avdeling, ikkje følgt opp enno).

I tillegg til lista over konkrete avtaler som er under revisjon eller utvikling, vil særleg USA og sidan Canada vera aktuell å arbeida med i løpet av 2012 og vidare.

INTØ 22.11.2011